



Norsk Kulturarv

PRESSEMELDING

Hol ny samarbeidskommune

Hol kommune har underteikna ei samarbeidsavtale med stiftelsen Norsk Kulturarv.

Formålet med avtalen er å bevare og utvikla kulturarven i Hol, gjennom eit dugnadslag for aktivt kulturminnevern.

- Eg meiner det er viktig å setja kulturarven vår høgare opp på den politiske dagsorden, seier ordførar Tony Kjøl, som peikar på at dette er med å gje grunnlag for verdiskaping og god omdømmebygging. Han oppmodar samstundes fleire kommunar i Hallingdal om å samarbeide med Norsk Kulturarv.

I nasjonalparkkommunen Hol, er Geilo utpeikt som ein av fem norske nasjonalparklandsbyar. Dette er eit kvalitetsstempel som syner at lokalsamfunnet tek utvikling med grunnlag i lokale kvalitetar på alvor.

- Vi ser fram til å samarbeide med ei kommune som er så sterkt engasjert i kulturarven som Hol, seier Simen Bjørgen i Norsk Kulturarv.

Nærare opplysningar ved ordførar Tony Kjøl tlf. 990 34 364 eller direktør Simen Bjørgen tlf. 900 32 750



Norsk Kulturarv

Norsk Kulturarv er ein ideell stiftelse som har som formål å bidra til vern av kulturarven gjennom bærekraftig bruk.

Norsk Kulturarv har heile landet som arbeidsområde.

Inspirasjon, opplevingar, kunnskap og identitet er viktige verdiar for Norsk Kulturarv. Slike verdiar vert vidareført gjennom aktiv næringsutvikling med kulturarven som produktgrunnlag. Norsk Kulturarv er eit talerør overfor styresmakter og ulike samarbeidspartar i næringslivet. Samstundes som vi er sterkt forankra i ein strategi for å synleggjere og marknadsføre kulturtiltak under mottoet "vern gjennom bruk". Ikkje minst betyr dette ei sterk satsing på reiselivsupplevingar med basis i kulturarvprodukt over heile landet.

Olavsrosetadane er fyrståm i Norsk Kulturarvs produktspekter. Kvalitetsmerket Olavsrosa har ein sterk profil i formidlinga av norsk kulturarv. Mottoet "Olavsrosa – våre beste opplevingar" stiller høge krav til produktkvalitet og vedlikehald av denne kvaliteten.

Les meir

www.kulturarv.no

www.olavsrosa.no